



Ole Fritjof Godtfredsen
Knarreviktoppen 56
4637 KRISTIANSAND S

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/806 - 17/36138

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
21.12.2017

Løyve til oppføring av grindabu - gbnr 194/17 Mundal nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 637/17

Tiltakshavar: Ole Fritjof Godtfredsen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a), jf. byggesaksforskrifta (SAK) 3-1 bokstav b)

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av grindabu/overbygd uteareal med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 14 m² og bygd areal (BYA) ca. 16 m².

Det er ikkje opplyst i søknaden om oppføring av grindabu på BRA 14m² og BYA 16m² er eit søknadspliktig tiltak som tilbygg, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a), jf. byggesaksforskrifta (SAK) 3-1 bokstav a) eller som frittstående bygg, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a), jf. byggesaksforskrifta (SAK) 3-1 bokstav b), slik det vart gjeve veiledning om i skriv av 21.11.2017.

Administrasjonen legg til grunn utifrå dei opplysningar som ligg i saka at det søkjast om grindabu som frittstående bygg, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a), jf. byggesaksforskrifta (SAK) 3-1 bokstav b).

Det vert elles vist til søknad motteken 29.11.2017.

Sakshandsamingsfrist

Det er ikkje sendt inn eige søknadsskjema, skjema 5153, for tiltaket. Søknaden består av e-post sendt 28.11.2017, mottatt 29.11.2017, med vedlagt nabovarsling, situasjonsplan, teikningar og naboerklæring. Vi har vurdert saka og funne han godt nok opplyst til å ta han til sakshandsaming.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.11.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato 20.12.2017.



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål (landbruk-natur og friluftsliv).

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå landbruk, natur og friluftsføremålet (LNF) i kommuneplanen sin arealdel og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8.

Det er i vedtak av 17.07.2017, med same saksnr. 17/806, gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel, jf. pbl § 11-6 og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø, jf. pbl § 1-8 for oppføring av grindabu/opent overbygg til uteplass.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.03.2017.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gnr. 194 bnr.2 har i dokument datert 24.11.2017 samtykka til at tiltaket kan plasserast i nabogrensa, men det er ikkje opplyst i skjemaet om tiltaket kan plasserast o meter frå grensa. Vi legg til grunn at nabo gjennom nabovarsling er orientert av tiltakshavar om plassering av grindabua som anvist i situasjonsplan av 03.03.2017 slik at naboerklæringa er meint å bekrefte plassering av grindabu o meter frå grensa, jf. pbl. § 29-4 bokstav b).

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket gjev inga endring i vatn- og avløp.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket gjev inga endring i tilkomst til eigedomen.

Terrenghandsaming

Bygget vert plassert på eksisterande oppført kai på eigdommen.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Då skjema 5153 ikkje er sendt inn, så manglar det erklæring frå tiltakshavar om at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen har undersøkt kart for området og legg til grunn for vurderinga at tiltaket ikkje skal oppførast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 bokstav a), jf. byggesaksforskrifta (SAK) 3-1 bokstav b) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av grindabu/overbygd uteareal med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 14 m² og bygd areal (BYA) ca. 16 m² på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 03.03.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 17/806**

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Fritjof Godtfredsen	Knarreviktoppen 56	4637	KRISTIANSAND S
Ole Fritjof Godtfredsen	Knarreviktoppen 56	4637	KRISTIANSAND S